



Voss kommune

Dato: 30.04.2015
Vår ref.: 2015/59-144
Saksbehandlar: hanespe
Dykkar ref.:

Avslag på søknad om tilskot til lokale friluftslivstiltak 2015

Det vert vist til dykkar søknad med frist 15.02.2015 til Hordaland fylkeskommune, om tilskot til lokale friluftslivstiltak. Hordaland fylkeskommune, Kultur- og ressursutvalet, vedtok den 16.04.2015 at dykkar tiltak ikkje fekk tilsegn.

Grunngjeving

I samband med Friluftslivets år 2015 vedtok Kultur og ressursutvalet 12. februar 2015 at kr 320.000 av kr. 400.000,- som vart sett av i fylkestinget i desember 2014 til Friluftslivets år 2015, skal leggst inn i denne tilskotsordninga. Såleis er det kr. 720.000,- til fordeling. Det er 75 søknadar med ein samla godkjent søknadssum på kr. 2.429.620,-. Til grunn for handsaminga låg skildringa som vart gitt i søknaden. Dykkar søknad vart vurdert saman med andre søkjarar opp mot retningslinene for ordninga og relevans for Friluftslivets år 2015. Vurderinga er og sett i samanheng med andre fylkeskommunale og statlege tilskotsordningar knytt til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

Dykkar tiltak fekk diverre ikkje tilsegn. Grunngjevinga er:

Samla godkjent søknadssum overstig midlar til fordeling, og såleis har fylkeskommunen måtte prioritere mellom mange gode friluftstiltak. Tiltaket gjeld tilrettelegging av infrastruktur og dette vart ikkje prioritert ved årets tildeling. Område ligg ikkje i nærmiljøet.

Saksframlegget til møtet i Kultur- og ressursutvalet ligg ved.

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklaga vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at de etter forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Har de spørsmål kan de kontakte rådgjevar Eirik Knive e-post eirik.knive@hfk.no eller tlf 55 23 91 66.

Lukke til vidare med dykkar arbeid med å skape ein aktiv kvar dag for folk i Hordaland!

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Hanne Espe
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.